

# *FINSLAND*

II

NÆRINGS- OG KULTURLIVET

*Av*

*Johan Stomnås*

*Medarbeiderar:*

*Kristen Lauvsland, Syvert Mæsel  
og Bjarne Sløgedal*

UTGJEVE AV FINSLAND SOGELAG 1974

5-årsbolk	Bjørn	Ulv	Gaupe	Jerv	Rev	Ørn
1846—1850	19	48	38	0		
1851—1855	10	69	60	1		
1856—1860	4	40	42	1		
1861—1865	6	27	9	2		
1866—1870	5	0	14	2		
1871—1875	8	—	—	—	252	96
1876—1880	10	—	5	—	400	43
1881—1885	6	—	—	—	761	62
1886—1890	5	—	—	—	585	33
1891—1895	3	—	2	—	973	40
1896—1900	2	—	3	—	933	40
I 1900	1	—	1	—	227	4

### Skjøler og perlefangst.

Kristen Lauvland fortel:

«I den vesle Finsåa, som Finsland har sitt namn etter, var der i min ungdomstid så mange skjøler. Dei var brune på let, og av storleik som to barnehender lagt mot kvarandre. Dei stod gjerne med enden litt ned i sanden på elvebotnen, og med gapande munn.

Skulle dei flytja seg, la dei seg på sida og ok eller vrigte seg fram. Det gjekk ikkje fort, og det blei gjerne ein synbærr veg i sanden der dei hadde fare.

Dei hadde innvollar og organ som ein fisk, og omtrent same lukt som fisk.

Der elva var grunn, kunne ein berre vassa uti og pela dei opp. Med ein tolekniv kunne ein bryta dei opp i to deler. Inni låg innvollane, og oppbryting blei dauden deira. Skjølet innvendes var lyst og blankt. I somme kunne ein finna perler.

Truleg formerte dei seg som andre fiskar.

Eg minnest at fantekonene for på rovfangst langst elva for å finna perler i desse skjølene. Perler fann dei nok. Men om dei fann perler som hadde verdi, veit eg ikkje. Folk var imot denne perlefangsten av fantane.

Skjølene var så lette å fanga. Stod dei på djupare vatn, kunne ein berre stikka ein flat lang pinne i munnen deira og dra dei opp. Likevel var det kanhenda ikkje denne rovdrifta som øydde skjølene. Då sirkelsagene kom, blei sagsponen ofte slept på elva. Sidan det var i denne tida skjølene heldt på å døy ut, meinte somme at det var sagavfallet dei ikkje tolde. Kring 1915 var dei heilt utdøydde.»

*Andre stader* i bygda kunne dei og finna skjøler med perler i. I Finsåa fann dei slike både ved Slotte og Lausland. På Øvland har dei og funne perleskjøler.

*Perleskjøla* liknar mykje på blåskjel. Dei er 10—12 cm lange og kring tre mm. tykke. Skjølene lever helst på grov sandbotn. Dei er brune på let. Nokre er mørke, og andre er lysare. Det hender og at dei er heilt svarte.

Dei let gjerne skjølene liggja 2—3 dagar etter at dei hadde tatt dei opp. Då opna dei seg sjølv. Blei dei opna med makt, blei dei øydelagde.

Ei perle på storleik som eit knappenålshovud, trong 12 år for å bli som ei lita ert. Til vanleg trong ei perle 20 år for å lagast.

Prisane på perlene retta set etter storleiken. Det blei betalt 1 dalar for perler som var så store at det gjekk 3 på ein tomme.

Kongen hadde rett til å få kjøpt retten til perlefisket i elvane.

### Fisking.

Det er ikkje særleg gode fiskevatn i Finsland no. Ein gong i tida har det kan henda vore annleis. Ein veit såleis om at dei har fått aure på 0,6 kg i Kveddansvatnet.

*Mandalselva* var kjent for å vera ei god lakseelv. Laksen kunne koma seg opp til Foss i Bjelland. Men der var nok fossen for strid.

Truleg er det at dei finslendingane som budde nede i dalen, fiska laks i gamle dagar og hadde innkomme av dette.

Om laksefisket i Mandalselva skreiv Peder Claussen kring 1600:

«Denne Aae er ocsaa den fiskrijigste Aae paa Lax, som udi dette ganske Rige er, huilcken Lax ocsaa holdis oc actis for den nydeligste oc beste, oc enddog her ere utallige Fiskedretter oc Laxefang, oc brugis adskillige Redskab oc Maader, at fange Laxen med i samme Aae, fra først i Majo oc til sidst udi Junio, saa blifue dog mange Lax frj oc ufangne udi dyber Høller oc i store Fosser som der monne gifue deris Rogn oc Grød fra sig, oc derfor blifuer dette Laxefiskerij ved Mact oc forødis icke saa snart, som det gjør i de smaa Elfuer.»

Om laksefisket i Mandalselva skriv amtmann Holm i 1795 at det er «ubetydelig.» Det må altså ha gått mykje attende i desse 200 åra.

Mandalselva kunne stundom vera svært stor. Når snøen smelta i Åseralshiane, eller når haustregnet kom stormande innover landet, då hende det at vatnet kunne gå langt inn på gardane. Ein gong nådde vatnet opp i stova